



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
19/24	Eldrerådet	03.06.2024
43/24	Levekårsutvalet	05.06.2024
72/24	Formannskapet	10.06.2024
	Kommunestyret	
19/24	Råd for menneske med nedsett funksjonevne	11.06.2024

### Høyringssvar til revidert samarbeidsavtale med Helse Møre og Romsdal HF

#### Samandrag:

Kommunen er forplikta til å inngå samarbeidsavtale med Helseforetaket i følgje helse- og omsorgstjenestelova kapittel 6. Samarbeidet skal sikre at pasientar og brukarar får eit heilskapleg tilbod om helse- og omsorgstenester.

Hareid kommune har hatt samarbeidsavtale med Helseforetaket i HMR sidan 2011. Avtalen skal reviderast kvart fjerde år. Ny avtale startar frå 01.01.2025, gitt godkjenning frå kommunestyret og styret for Helseforetaket i HMR.

Viktige endringar i forslaget til ny avtale inkluderer:

- avtalen er oversatt frå bokmål til nynorsk
- delavtalane har fått ei meir einsarta oppbygging
- tilpasningar er gjort til Helsedirektoratet sin veileder for samarbeidsavtaler i helsefellesskap
- faglege samarbeidsutval (FSU) er redusert frå 12 til 6. Nokre utval er foreslått fjerna, medan oppgåvene deira er overført til dei utvala som vert vidareført
- oppgåvene til utvala i helsefellesskapet er gjort tydlegare
- lokale samarbeidsutval (LSU) er redusert frå fire til tre
- lokal tvisteløsningsnemnd er fjerna
- det er presisert kva sjukehusleger som kan henvise til kommunale KAD/ØHD plasser

Kommunane i Møre og Romsdal er invitert til å gi tilbakemelding på forslaget til ny samarbeidsavtale, og sjustjerna helse og omsorg har samarbeidd om høyringssvaret. Høyringsfristen er 23.06.24. Råd for personar med nedsett funksj

#### Levekårsutvalet 05.06.2024

#### Nye framlegg:

Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding.

#### LKU - 43/24 Vedtak

Levekårsutvalet innstiller på:

Hareid kommune viser til høyring om ny samarbeidsavtale mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF, og sender inn vedlagt uttale som høyringssvar.

**Eldrerådet 03.06.2024**

**Nye framlegg:**

Samrøystes teke til vitende.

**ELR - 19/24 Vedtak**

Saka vart teke til vitende.

**Kommunedirektøren si tilråding:**

Hareid kommune viser til høyring om ny samarbeidsavtale mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF, og sender inn vedlagt uttale som høyringssvar.

**Vedlegg:**

Høyringssvar ny samarbeidsavtale 2025 (002)

Høyring om revidert samarbeidsavtale 2025-2028

Høyring - Revidert samarbeidsavtale mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse

Møre og Romsdal HF 2025

Revidert samarbeidsavtale 01.01.25 Høyringsutkast

**Saksopplysningar:**

I arbeidet med uttalen har det vore brei medverknad frå andre kommunar og aktuelle delar av eigen organisasjonen.

Kommunen er forplikta gjennom helse- og omsorgstjenesteloven kapittel 6 til å inngå samarbeidsavtale med helseforetaket. I § 6-1 står det:

**«Plikt til å inngå samarbeidsavtale**

*Kommunestyret selv skal inngå samarbeidsavtale med det regionale helseforetaket i helseregionen eller med helseforetak som det regionale helseforetaket bestemmer.*

*Kommunen kan inngå avtale alene eller sammen med andre kommuner.*

*Samarbeidet skal ha som målsetting å bidra til at pasienter og brukere mottar et helhetlig tilbud om helse- og omsorgstjenester. Pasient- og brukererfaringer skal inngå i vurderingsgrunnlaget ved utarbeidelsen av avtalen. Pasient- og brukerorganisasjoner skal medvirke i forbindelse med utarbeidelse av avtalene.»*

Kommunane har sidan lova vart innført i 2011 hatt samarbeidsavtale med helseforetaket. Etter gjeldande samarbeidsavtale, pliktar partane å revidere avtalen slik at den til ei kvar tid er i samsvar med gjeldande rettspraksis, lover og forskrifter. Etter samarbeidsavtalens punkt 10 skal avtalen reviderast minst kvart fjerde år. Forhandlingene mellom partane starta i mars 2023. Ny avtale har verknad frå 01.01.2025 og føreset godkjenning vert gjort av kommunestyret og styret for helseforetaket. Gjeldande samarbeidsavtale gjeld fram til ny avtale vert godkjent.

Dei mest vesentlege endringene i forslag til ny avtale er:

1. Avtalen har blitt oversett fra bokmål til nynorsk, jf. vedtak i strategisk samhandlingsutvalg (SSU).
2. Dei ulike delavtalane har fått ein meir einsarta oppbygging. Innhaldet er forsøkt gjort meir presist og konkret og ein del generell informasjon er tatt ut for å korte ned tekstane.
3. Det er gjort nokre tilpasningar til Helsedirektoratet sin veileder for samarbeidsavtalea i helsefellesskap.
4. Faglege samarbeidsutvalg (FSU) vert foreslått redusert fra 12 til 6 utvalg. Dette er den største strukturelle endringa i avtaleforslaget. Oppgåver som ligg til utval som er føreslått lagt ned, er i hovudsak tenkt overført til dei utvala som vert vidareført.

Forslaget bygg mellom anna på evalueringa som alle utvala kom med før revisjonsarbeidet starta.

**Utval som er foreslått fjerna er:**

- FSU for rehabilitering
- FSU for voksenhabilitering
- FSU for kunnskapsoverføring, forskning og utdanning
- FSU for digitale helsetjenester og eHelse, og
- FSU for helsefremmende og forebyggende helsearbeid

FSU for helseberedskap og FSU for akuttmedisinsk kjede vert foreslått å samordne i eit felles utval, og samarbeidsordning mellom spesialisthelsetjenesten og fastlegene vert foreslått lagt til FSU for behandlersamarbeid.

Endringane tek sikte på å redusere samla ressursbruk knytt til møteverksemd, men samstundes sikre at oppgåver vert vareteke i utvala som vert videreført.

Desse faglige samarbeidsutvala vert foreslått videreført:

- FSU for barn og unge
- FSU for psykisk helse og rus
- FSU for kronisk multisjuke og skrøpelege eldre
- FSU for svangerskap, fødsel og barselomsorg
- FSU for behandlarsamarbeid og samarbeidsordning for spesialisthelsetenesta og fastlegane, og
- FSU for akuttmedisinsk kjede og helseberedskap

Avtalen gir rom for at SSU kan opprette andre faglege samarbeidsutval ved behov.

1. Oppgåvene til utvala i helsefellesskapet er forsøkt gjort tydlegare.
2. Reduksjon av lokale samarbeidsutvalg (LSU) fra fire til tre.
3. Lokal tvisteløsningsnemnd er foreslått fjerna.
4. Presisering av kva sjukehuslegar som kan henvise til kommunale KAD/ØHD plasser.

For ein nærmare omtale av endringane og andre val, viser ein til høyringsbrevet frå forhandlingsutvalet.

Kommunane i Møre og Romsdal som kvar for seg er part i avtale med Helse Møre og Romsdal HF, vert no invitert til å kome med tilbakemelding på forhandlingsutvalet sitt forslag til ny samarbeidsavtale. Høyringsfristen er den 23.06.24

#### **Vurdering og konklusjon:**

Kommunedirektøren har merka seg at forslaget i hovudsak er ei videreføring av gjeldande avtale, men at den er tydlegare og meir presis i utforminga. Forslaget inneheld ein forsiktig reduksjon i strukturen og tilpassing til at Romsdal og Nordmøre vert eit sjukehusområde.

Kommunedirektøren støttar ei videreføring av dei delavtalane som no er reviderte, men ber om at delavtale 2 vert delt slik at tilhøve som gjeld samhandlingslegane og samarbeid med fastlegetenesta i kommunane vert gjort i eigen delavtale.

Dei områda kommunedirektøren ynsker å framheve og kommentere, er innarbeidd i vedlagt framlegg til høyringsuttale.

I arbeidet med høyringsuttalen har forslaga vore drøfta i helseleiarnettverk både lokalt og i fylket, i tillegg til interne drøftingar. Partane har brukt mykje tid og ressursar på gjennomgang og revisjon av samarbeidsavtalen, og kommunedirektøren tilrår at framlegg til høyringsuttale vert godkjent.

Utskrift vert sendt til:

Forhandlingsutvalet for samarbeidsavtalen

Bent Arild Grytten  
konstituert kommunedirektør

Ottar Røyset  
Kommunalsjef velferd